

# Møteprotokoll

**Utvalg:** **Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen**

**Møtested:** Teams-møte

**Dato:** 23.04.2020

**Tidspunkt:** 12:30 – 13:30

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal		
Mariann Skotte		
Bjarne Eiof Holø		

## Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

\_\_\_\_\_  
Per Magnus Berdal  
Sign.

\_\_\_\_\_  
Mariann Skotte  
Sign.

\_\_\_\_\_  
Bjarne E. Holø  
Sign.

# Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - montering av overvåkingsutstyr - bakkeantennar - Asbjørnsdalen - Lesjaskog beitelag		2020/4844

## Orienteringar

- Tilsetting av forvaltar – status
- Besøksforvaltning – ny nettside, kartproduksjon, brosjyre, samarbeidsprosjekt med Innlandet FK, NPR og Breheimen (handlingsprogram),
- Tiltak 2020 – status om Slettvikane, Billingen, Villreinløypa,
- Arbeid i styret framover – faste møter med styreleiar, kvar veke/mnd., etter behov?  
Nyheitsbrev til styret for oppsummering aktuelle saker?  
Opplæring av nye styremedlemmer
- Aktuelle saker til behandling før styremøte 29.juni

# Orienteringar

## Orienteringar

- Tiltsetting av forvaltar – status v/Per Magnus  
4 har vore til intervju, fylkesmannen tek sikte på ei innstilling etter at ref. er sjekka, tidlegast i slutten av mai.
- Besøksforvaltning – ny nettside, kartproduksjon, brosjyre, samarbeidsprosjekt med Innlandet FK, NPR og Breheimen (handlingsprogram), status for arbeid v/Kristine  
Arbeidet med besøksforvaltning er godt i gang, men mye står att, og nettsidene kan tidlegast lanserast hausten 2020.
- Tiltak 2020 – status om Slettvikane, Billingen, Villreinløypa, status v/Per Magnus og Kristine
- Arbeid i styret framover – faste møter med styreleiar, kvar veke/mnd., etter behov?  
Nyheitsbrev til styret for oppsummering aktuelle saker?  
AU ser inga behov for å ha faste møte kvar veke/mnd. Mellom forvaltar og styreleiar, men tykkjer det er fornuftig å ha ein løpande kontakt etter behov, som no. Når ny forvaltar er på plass er behovet større for å formalisere nokre møtetidspunkt mellom sekretariat og styreleiar.

Opplæring av nye styremedlemmer er førebels ikkje avklart, etter at samlinga i mars 2020 vart avlyst. Miljødirektoratet har svart at dei tilrår fysiske møte til hausten. Det er behov for å få til ei opplæring så snart som mogleg. Miljødirektoratet har eit overordna ansvar for opplæringa som t.d. styret sine overordna oppgåver, ansvar som forvaltningsmyndigheit, juss mm. AU ber om at forvaltar tek kontakt med Miljødirektoratet og ber om at dei legg til rette for opplæring av nye styremedlemmar som ikkje fekk det i vinter. Dersom Miljødirektoratet ikkje tek initiativ til opplæring sjølv, kan Reinheimen invitere dei til å bidra med presentasjon i eit Temas-møte vi arrangerer for våre styremedlemmar og vararepresentantar. Dette bør gjennomførast så fort som mogleg.

- Aktuelle saker til behandling før styremøte 29.juni  
12 saker på vent før sommaren, der ca. halvparten kan behandlast delegert.  
For å behandle saker som hastar før neste styremøte, kan AU nyttast, og kallast inn til Teams-møte, på relativt stutt varsel. Det er behov for å behandle søknad frå DNT-Åst, om utviding av areal på ny utedo på Vakkerstølen, jf. tidlegare behandling i Nasjonalparkstyret 24.06.19.

# ST 1/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - montering av overvåkingsutstyr - bakkeantenner - Asbjørnsdalen - Lesjaskog beitelag 2020/4844

## Saksprotokoll i Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.04.2020


Samrøystes som innstillinga.

### Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lesja kommune dispensasjon til å sette opp 5 basestasjonar med antennemaster i Reinheimen nasjonalpark, og motorferdsel for å køyre ut bakkeantennene med snøscooter. Føremålet med tiltaket er i samband med tapsavklaringsprosjekt, for å dokumentere tap av lam på utmarksbeite vest i Lesjaskog beitelag.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Mastene skal plasserast der det er 4G dekning som skissert på karet:



- Bakkeantennene med solcelle skal ha ei høgde på 2 meter, og skal boltast fast til fjell/stein.
- Basestasjonane med installasjonane skal fjernast frå nasjonalparken etter at prosjektet er avslutta.
- Dispensasjon til snøscootertransport gjeld 1 tur med 2 snøscooterar.
- Transporten skal gjennomførast så fort som mogleg, innan 26.april.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Lesja kommune.
- Køyretrasé: Frå Rånå inn Asbjørnsdalen og beste farbare trase til basestasjonane. Retur same veg.

- Køyninga skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i området ved køyretraseen.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/ Thomas Rødstøl (mob: 915 47 617 ) eller Per Olav Haugen (mob: 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før køyning.
- Køyrebok skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten.
- Køyrapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 05.06 kvart år, på følgjande elektroniske skjema:  
[http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen\\_dok/Rapportskjema\\_motorfer\\_dsel\\_Reinheimen.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorfer_dsel_Reinheimen.pdf)

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at transporten også må avklarast med grunneigar. Ved bruk av leigekøyrrar treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekøyrrarløyve gjeve av Lesja kommune.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.